

# Vedtekter

Reviderte barnehagevedtekter 2023

Barnehagevedtekter 2022 - Vedteke 13.12.2021 sak 21/093

## Innholdsoversikt

1 Eigartilhøve

2 Lovverk

3 Føremål

4 Samarbeidsutval

5 Foreldreråd

6 Opptak i barnehagen

6.1 Prioritering ved opptak

7 Oppseiing av plass

8 Opningstider

9 Bemanning

10 Foreldrebetaling

10.1 Syskenmoderasjon

10.2 Varmt måltid

10.3 Foreldrebetaling ved sjukefråvære

10.4 Inntektsgradert foreldrebetaling

11 Ferie

# 1 Eigartilhøve

Desse vedtektene gjeld for Eidfjord kommune sin barnehage i Modnen. Rådmannen, eller den han gjev fullmakt, har administrativt ansvar for barnehagetilbodet.

## 2 Lovverk

Barnehagen skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, gjeldande forskrifter og retningsliner, kommunale vedtak og plandokument for barnehage. Formannskapet er klagenemnd for saker som vedkjem Lov om barnehagar.

## **3 Føremål**

Barnehagen skal vera ei pedagogisk tilrettelagt verksemd. Sjå Lov om barnehager § 1.

## **4 Samarbeidsutval**

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval, jf. § 4 i Lov om barnehagar og forskriftene.

Foreldre/føresette og tilsette vel sine representantar til samarbeidsutvalet, slik at begge grupper er likt representerte. Eidfjord kommune kan nemna opp representant frå kommunen/eigar, om det er ynskjeleg.

## 5 Foreldreråd

Barnehagen skal ha eit foreldreråd, jf. Lov om barnehagar § 4. Forskriftene seier korleis foreldrerådet skal setjast saman og kva oppgåver det har. Foreldrerepresentantane og deira varamenn til samarbeidsutvalet, skal til ei kvar tid utgjera eit arbeidsutval i foreldrerådet.

## 6 Opptak i barnehagen

1. Barnehagen i Eidfjord har som intensjon at alle som søker, skal få barnehageplass
2. Barnehagen i Eidfjord har opptak ved skulestart jf barnehage- og skuleruta, med søknadsfrist 1. mai og opptak 1. januar og 1. april med søknadsfrist 1. okt
3. Med referanse til barnehagelova har barn som fyller eit år i sept. til nov. rett på barnehageplass innan utgangen av den månad dei fyllar 1 år
4. Barnet må ha fylt 9 månadar for å få plass
5. Opptakskretsen er heile Eidfjord kommune
6. Opptak av born vert gjort av barnehagestyrar, ut frå gjeldande vedtekter.
7. Born kan søkjast inn på 60, 80 eller 100 % plass, med atterhald om at plassane i barnehagen vert effektivt utnytta i høve ynskje om dagar.
8. Barnehagestyrar kan dispensere frå reglane ved spesielle høve.
9. Jf §19g i lov om barnehagar: Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbod til barn med nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova § 19g.

### 6.1 Prioritering ved opptak

1. Born med nedsett funksjonsevne
2. Born som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester
3. Born som har bustadadresse i Eidfjord kommune
4. Born som ikkje bur i Eidfjord kan få plass i barnehage her dersom det er ledige plassar. Førsetnaden er at minst ein av foreldra/føresette har arbeidet sitt her. Dei får mellombels plass for eitt år om gongen.

Før eit barn tek til i barnehagen, skal det leggjast fram ei stadfesting om helsa til barnet. Har barnet møtt til ordinær kontroll på helsestasjon, kan slik stadfesting gjevast av foreldra/føresette til barnet, jf. § 23 i Lov om barnehagar.

## 7 Oppseiing av plass

- Når eit barn har fått tildelt plass i barnehage, beheld det plassen til barnet byrjar på skulen/SFO, eller til plassen vert sagt opp
- Oppseiingstida er ein måned, rekna frå den 1. i kvar måned
- Oppseiinga skal skje skriftleg, og foreldre/føresette må betala for plassen i oppseiingstida
- Ved endring av opphaldstid, gjeld same regel
- Ved vesentleg forsøming av betaling, kan barnet mista barnehageplassen. Foreldra skal då ha skriftleg åtvaring/varsel om dette ein måned i førevegen.



## 8 Opningstider

Barnehagen er ordinært open måndag til fredag kl 07.00 – 16.30. Etter søknad, kan styrar i barnehagen seia ja til utvida opningstid når minst 2 born treng det samstundes.

Barnehagen er stengd mellom jol og nyttår, i påskeveka.

Dei tilsette skal ha seks planleggingsdagar i året. Då er barnehagen stengt. Dette er samordna med skulen i ei felles skule- og barnehagerute.

## **9 Bemanning**

### **Grunnbemanning**

Bemanninga må vera tilstrekkeleg til at personalet kan drive ein tilfredsstillande pedagogisk verksemd.

Barnehagen skal minst ha éin tilsett per tre barn når barna er under tre år og éin tilsett per seks barn når barna er over tre år. Barn vert rekna for å være over tre år frå og med august det året dei fyller tre år.

### **Pedagogiskbemanning**

Jf barnehagelova § 1, skal det vera minimum éin pedagogisk leiar per 14 barn når borna er over 3 år og éin pedagogisk leiar per 7 barn når borna er under tre år.

## 10 Foreldrebetaling

Betaling for opphald i barnehagen er dei satsane som til ei kvar tid er fastsette av kommunestyret, innafor maksimalgrense fastsett av Stortinget.

- Det er betalingsfri i juli måned
- Barnehagen i Eidfjord har ikkje fri plassar
- Foreldrebetalinga gjeld frå den første i den månaden barnet tek til i barnehagen
- Barn som har oppstart medio august betalar halv pris for august

### 10.1 Syskenmoderasjon

Det vert gjeve søskenmoderasjon jf. Stortinget sitt vedtak om nasjonal minimumssats for syskenmoderasjon. Syskenmoderasjon er 30% for det andre barnet og 50% for det tredje barnet som har barnehageplass.

### 10.2 Varmt måltid

Det vert servert eit varmt måltid i barnehagen midt på dagen 2-3 gonger for veka. Dette er obligatorisk. Servering av varmt måltid følgjer barnehage- skuleruta. Betaling for måltidet vert fakturert 10 månadar i året, og vert sendt ut på eiga rekning.

### 10.3 Foreldrebetaling ved sjukefråvære

Foreldrebetalinga kan bli redusert dersom barnet er borte frå barnehagen meir enn ein måned på grunn av sjukdom. Dette må dokumenterast av lege. Den første fråværs månaden må betalast etter vanlege satsar.

### 10.4 Inntektsgradert foreldrebetaling

Det kan gjevast inntektsgradert foreldrebetaling etter søknad frå foreldre/føresette med låg betalingsevne. Moderasjonen vert rekna ut frå den type plass barnet har i barnehagen og aktuell pris på plassen.

Inntektsgradert foreldrebetaling trer i kraft månaden etter at søknaden med fullstendig dokumentasjon er motteken, og har ikkje tilbakeverkande kraft. Moderasjonen varer ut barnehageåret, mai/juni før det må søkjast på nytt, med ny dokumentasjon.

Får hushaldninga endra sin økonomiske situasjon eller sivile status, pliktar ein å opplysa om dette.

# 11 Ferie

Barna skal ha minst 3 veker samanhengande ferie i løpet av kalenderåret, gjerne i samband med skuleferien.

Barn som byrja på skulen skal minst 3 veker samanhengande ferie før skulestart.